



Familien Fosse frå Os tykte som alle dei andre at frukosten var eit framifrå tiltak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den andre freistnaden på å halda laurdagsfrukost på Sandakaien vart ein formidabel suksess. Minst 200 tok i mot invitasjonen og møtte fram mellom klokka 10 og 12.

Innslaget av hyttefolk frå Skorpo og båt-turistar frå dei to lokale hamnene var betydeleg i tillegg til det gode frammøtet av bygdefolk. Allereie etter tre kvarter hadde dei kokt og levert ut 140 egg!

- Eit framifrå tiltak som bør bli ein tradisjon, sa alle og dagleg leiar i SPAR Bente Nilsen er ikkje framand for tanken. Det er båtlaget som har kome med ideen om denne frukosten, som SPAR-leiinga sa seg viljug til å spandera. Tiltaket er i høgste grad eigna til å knytte gjestar og fastbuande tettare saman. Båtlaget gjorde også ein effektiv innsats med marknadsføringa, ettersom Birger Myklebust kom med ei kraftig oppmoding via megafon då frukostbordet stod klart.



Det var minst 200 innom Sandakaien under frukosten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Marknadsføringa også ellers hadde tydelegvis vore effektiv, for invitasjonen var ikkje klar i form av oppslag og melding i uskedalen.no før klokka 16 dagen før. Då var vermeldingane såpass positive at SPAR-leiinga fann det forsvarleg å kunngjera frukosten.

Den kunne også tolkast som ein markering av millionsatsinga tidlegare i sommar på ein betre Sandakai.

- Er du ikkje redd for at gjestene skal eta butikken tom, spurte uskedalen.no Bente.
- Slett ikkje , det er ny vareforsyning på måndag.
- Hadde du laga ei kalkyle over kor mange gjester som kunne ventast hit?
- Det turde eg ikkje, då hadde eg ikkje fått sova i natt!

Blant dei meir langvegsfarande frukostgjestene var familien Fosse frå Lysekloster i Os. Dei kom med båt og Hanne, Jan Per og Hege Christine (14) plar gjera minst ein visitt i Uskedalen kvar sommar.
- Her trivs vi og eit tiltak som dette aukar trivselen, var deira konklusjon.

Av Ola Matti Mathisen



Bente Nilsen (til høgre) fyller på meir pålegg, medan Dag Hermansen (til venstre) er ein av dei som forsyner seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)